

# Serviceerklæring Ulvik herad

## UTKØYRING AV MIDDAG

### Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 –b), jfr. § 3-1 og Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

### Føremål med tenesta

-Sikra variert og næringsrikt kosthald til heimebuande eldre, funksjonshemma eller andre som ikkje klarar å laga middag sjølv

### Kven kan få tenesta

-Eldre og funksjonshemma som ikkje klarar å laga middag sjølv  
-Alle som søker vil verta behovsvurdert

### Innhaldet i tenesta

-Ein kan levera varm middag inntil 7 dg i veka – inkl. høgtidsdagar  
-Middagen inneheld hovudrett med suppe eller dessert  
-Tilbod om heil eller halv porsjon  
-Tilbod om ulike diettar – etter behov

### Kva du kan forventa av oss som tilsette

-Du skal verta møtt på høfleg og respektfull måte  
-Tilsette leverer maten på døra etter avtale

### Kva forventar me av deg som brukar

-At du er heima på den tida middagen vert levert  
-At evt. endringar i bestillinga vert meldt til omsorgstunet så raskt som råd og innan kl 10.00 same dag.  
-At du gir beskjed om behov for diettmatt når du søker

### Praktiske opplysningar

-Middagen vert køyrt ut frå omsorgstunet ca kl 13.00.

### Saksgang ved søknad om middagsutkøyring:

-Det skal føreliggja eigensøknad frå brukar. Den som søker om tenesta skal ha signert søknaden.  
-Søknaden vert vurdert ut i frå helsetilstand/behov  
-Utkøyring av middag vil kunne effektuerast innan 4dg og skriftleg vedtak vil føreliggja innan 3 veker  
-Pris for middag : Kontakt Ulvik omsorgstun/sjå nettsidene til Ulvik Herad.  
- Rekning vert sendt x 1 pr mnd i etterkant

## **Klage**

Dersom du ynskjer å klaga på vedtaket er klagefristen 3 veker frå du har motteke vedtaket.

Klagen skal sendast til helse og omsorgsavdelinga.

Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak.

Ansvarleg for tenesta: Avdelingsleiar helse og omsorg.

Tlf. Ulvik omsorgstun: 56527080

Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyeni 30, 5730 Ulvik